



DEN NORSKE KYRKJA
SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Verneplan for gravplassane i Sveio kommune



Gravminne på Ulveraker

Vernearbeid for gravplassane er regulert av ulikt lovverk, mellom anna [Rundskriv Q-06/2020](#)

Her i Sveio starta me eit arbeid for å få på plass ein verneplan for gravplassane her i Sveio hausten 2020. Arbeidet vart starta opp i forkant av dette rundskrivet, Q06/2020, men med utgangspunkt i ein [veileidar](#) som kom i 2018.

Målet med planen er å leggja til rette for gjenbruk av graver samtidig som me tek vare på verneverdige gravminner.

I arbeidet har det vore ei avveging mellom å gå svært grundig inn i bakgrunnsmateriale etc. og kva som er praktisk mulig ut frå kapasitetsomsyn.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd hadde saka oppe i sitt møte 1.10.2020 og gjorde følgande vedtak (*sak 27/2020*;

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak

- 1. Det vert utarbeida ein verneplan for gravplassane i Sveio*
- 2. Det vert oppretta ei arbeidsgruppe for arbeidet.*
- 3. Ein tek sikte på at ferdig plan er klar i juni 2021*

Det vart sett ned ei prosjektgruppe bestående av;

Dagfinn F. Bjørge, arbeidsleiar i Fellesrådet
Ellen Tveit, konsulent ved Sveio Kulturkontor
Ottar Krakk, Kyrkjeverje, sekretær for arbeidet

Det vart vidare rekruttert inn omlag 15 frivillige som har gjort ein omfattande registreringsjobb av eldre gravminne. Kontorsekretær ved kyrkjekontoret, Brit K. Olsen har og tatt del i registreringsarbeidet.

Av ulike grunnar har arbeidet tatt betydeleg lenger tid enn venta. Arbeidet har vore omfattande og til dels vanskeleg å avgrense.

Det har undervegs og skjedd endringar i regelverket. I rundskrivet finn vi denne omtalen;

- 3.1.4 Bevarings-/verneplan etter gravplassforskriften Lokal gravplassmyndighet kan vedta at områder av gravplassen eller enkeltgraver med gravminner og annet utstyr skal bevaras, jf. gravplassforskriften § 27. Slikt vedtak skal nedfelles som egne bestemmelser i de lokale vedtektene og det bør utarbeides en verneplan for gravplassen. En verneplan etter gravplassforskriften vil være utfyllende og mer detaljert enn eventuelle bestemmelser i en kommuneplan eller en reguleringsplan. Det er utarbeidet en egen veileder for verneplan for gravplasser.

Tidlegare var det slik at gravminner over 60 år ikkje skulle fjernast utan godkjenning frå Fylkeskommunen. Her er grensene nå endra slik at det er dette som gjeld:

Gravminner i gravplassens eie som er eldre enn år 1900, og samiske gravminner fra år 1917 eller eldre, skal ikke flyttes eller fjernes før fylkeskommunen eller Sametinget har hatt anledning til å uttale seg, jf. pkt 3.6. 1 om fredete gravminner. (Rundskriv punkt 3.6)

Det er ulike sentrale lov og regelverk som kan ha innverknad på vernearbeidet på gravplassane. Me vil her peike på nokre av desse samt nokre aktuelle instansar/nettsider:

- [Kyrkjerundskrivet, Q 06/2020](#)
- [Forskrift om Kulturhistorisk verdifulle kirker](#)
- [Gravplasslova](#)
- [Riksantikvaren](#)
- [Askeladden](#)

Oversikta og linkane ovanfor er ikkje uttømmende men vil kunne gje nyttig informasjon og rettleiing for involverte i vernearbeidet.


I Sveio har me i dette arbeidet tatt utgangspunkt i alle gravplassane i kommunen. I tillegg vil me kort koma inn på dei nedlagde gravplassane i kommunen, sjølv om graver her ikkje er omfatta av dette arbeidet.

Gravplassane som pr. i dag er i bruk er:

1. Valen
2. Ulveraker (Ved Valestrand kyrkje)
3. Førde Nye (Ved kyrkja)
4. Førde Gamle (Ved sjøen)
5. Framnes
6. Bjelland
7. Eikeland Nye (Ved kapellet)
8. Eikeland Gamle (Ved sjøen)
9. Nordskog
10. Sveio Nye (Ved Fjellstad)
11. Sveio Gamle (Ved Fjellstad)
12. Sveio Sentrum

I tillegg har me desse nedlagde gravplassane;

- 1N: Sveiohaugen
- 2N: Sveio Vestre (ved Paddevegen)
- 3N: Koleragravplassen i Leirvåg
- 4N: Koleragravplassen i Mølstrevåg





1Valen Kapell

I Kulturminneplanen frå 2015 (side 50) gir Sverre Halleraker følgande korte omtale av gravplassane;

« Den gamle kyrkjegarden i Sveio er truleg like gammal som kyrkja som sto der, altså frå 1688. Det var fullt på denne gravplassen ved utbrotet av koleraepidemien i 1849, men kyrkjegarden blei nytta som gravplass i fleire tiår etter dette. Det står framleis to jernkrossar på denne gravplassen, og gravplassen er godt vedlikehalden. Den gamle gravplassen like ved riksvegen aust for Fjellstad, blei laga som kolerakyrkjegard i 1849, og dei fleste frå Sveio som omkom under koleraen blei gravlagde her. Etter at koleraepidemien var over, blei gravplassen brukt som vanleg gravplass heil til Sveio Gamle gravplass, som ligg litt lenger sør, blei teken i bruk i 1899. Denne har vore i bruk heilt fram til i dag og er framleis i bruk, men like ved den gamle gravplassen fekk me i 1972 Sveio Nye gravplass. Denne har vore hovudgravplass for Sveio Sokn heilt fram til no. (Sveio sentrum frå 2013) Gravplassen på Bjelland blei teken i bruk i 1878, og har vore i bruk heilt fram til no. Kyrkjegarden på Nordskog blei teken i bruk i 1944, og denne er framleis i bruk.

Den eldste kyrkjegarden i Førde Sokn finn me nede ved sjøen i Førde sentrum. Gravplassen som blei teken i bruk i 1876 er lett å få auge på, på grunn av klokketårnet over inngangspartiet. Den nye gravplassen i Førde ligg på begge sider av Førde kyrkje, og denne blei teken i bruk då kyrkja stod ferdig i 1938 (utvida i 2017) Førde sokn har også ein gravplass på Framnes. Denne blei teken i bruk i 1916 og er framleis i bruk. Gravplassen ligg like ved riksvegen og ved porten står eit kvitt klokketårn.



2Eikeland Gamle

I Valestrand sokn er det fire kyrkjegardar, og kyrkjegarden på Valen er den eldste. Denne har vore brukt sidan 1685, og han er framleis i bruk. Kyrkjegarden ved Valestrand kyrkje blei teken i bruk to år etter at kyrkja stod ferdig, nemleg i 1876. Då var denne også gravplass for Øklandsgrenda, men i 1903 fekk ein gravplass nede ved sjøen på Eikeland. I 1958 blei den nye kyrkjegarden på Eikeland teken i bruk, og det var på denne kyrkjegarden Eikeland kapell blei bygd»

Nokre av gravplassane er som omtalen ovanfor viser anlagt i nyare tid og har i liten grad graver som er aktuelle for vern. Dette gjeld; Førde Nye, Eikeland Nye, Nordskog, Sveio Nye og Sveio Sentrum.

Hovudfokuset vårt i dette arbeidet har vore å vurdera gravminne sin verneverdi. Verneverdi har me vurdert opp mot kva for gravminner som finnes på gravplassar generelt i kommunen, ikkje berre på den enkelte gravplass. Dette då alle gravplassane i Sveio er relativt små gravplassar

Dei eldste gravminna me finn på gravplassane i Sveio er frå slutten av 1800 talet. Det er relativt få slike gravminne frå den tidsperioden og alle som er frå før 1900 vil me føreslå å verna. Det er og enkeltgravminner som er datert på 1800-talet, men med den forskjellen at her er gravminna sett opp i ettertid.

I vårt arbeid har me registrert alle gravminne som er eldre enn 100 år. Her vil me i utgangspunktet ta vare på dei aller fleste. Unntaket er i dei tilfella gravminne er i svært dårleg stand, samtidig som det finnes tilsvarende gravminne som vert verna.

For gravminne som er mellom 60 og 100 år gamle er gravminna vurdert opp mot følgande kriterier i veiledaren:

1. *Kilde- og kunnskapsverdi- gravminner/gravutstyr*
 - *Stilhistorisk og teknikkhistorisk verdi*
 - *Samfunnhistorisk verdi*
 - *Personalhistorisk verdi*
2. *Opplevelsesverdi – gravminner/gravutstyr*
 - *Kunstnerisk/estetisk verdi*
 - *Bruksprega/aldersprega/patina*
 - *Identitetskapande/kontinuitetskapande verdi*
 - *Forbløffelse-/Nyskjerrighetskapande verdi*
 - *Symbolverdi*

Me har forenkla desse kriteria til å omhandla følgande moment:

- Særegne gravminne (utforming/materiale)
- Symbolbruk/tekst
- Personhistorie
- Samfunnshistorisk verdi

Gravplassar og gravminne går og inn i ein større samanheng. Fleire av gravplassane ligg nær kyrkje og kapell. Andre ligg i områder av kulturhistorisk verdi. I Sveio kommune sin kulturminneplan er fleire av gravplassane omtala og sikra med omsynssone for kulturmiljø («Kulturminne i Sveio», side 90), m.a. :

- Valen kapell
- Førde ved Sjøen
- Framnes
- Eikeland ved Sjøen

I tillegg er alle dei nedlagde gravplassane omtalt:

1. Sveiohaugen
2. Sveio Vestre (ved Paddevegen)
3. Koleragravplassen i Leirvåg
4. Koleragravplassen i Mølstrevåg



Kross på Sveiohaugen

Valen Kapell har sin historie tilbake til før 1700. Gravplassen er endra og gjenbruk har skjedd i fleire omgangar her. Like fullt må gravminner her vurderast ut frå heilskapen med nærleiken til Valen Kapell. På denne gravplassen er det og lite plass til nye graver. Dette er og tatt med i vurderingane omkring vern av gravminner på denne gravplassen. (Kulturminne i Sveio side 89, 130)

Førde Gamle (ved Sjøen) ligg og i eit tettstadsområde som er vurdert til å ha kulturhistorisk verdi. (Kulturminne i Sveio, s. 103) Den har eit klokketårn som og er inngangspartiet til gravplassen. Klokketårnet her vert vurdert til å ha stor verdi.

Framnes har eit eldre kapell på gravplassen. Dette har sin verdi ut frå Kulturhistoriske vurderingar (Kulturminne i Sveio, side 90) og er ikkje i bruk utover at det og har eit klokketårn som vert nytta ved gravferder.

Av dei gravplassane som framleis er i bruk er Eikeland Gamle i ei særstilling. Gravplassen er ikkje nedlagt. Gravplassen er stengt for kistegravlegging, men det kan setjast ned urner her. Siste gravlegging skjedde for nærare 50 år sidan. Gravplassen vart anlagt i 1902/03 og var i bruk i omlag 70 år. Denne gravplassen gir derfor eit godt bilde av korleis det gravminne utvikla seg i denne perioden, samtidig som den nå ikkje har blitt fornya med nyare gravminne siste halve hundreåret. Dette gjer at denne gravplassen kan ha verdiar som er aktuelt å verna som ein heilskap. Innhegning mv er av langt nyare dato enn 1902, men fortel og si historie. Gravplassen ligg i eit område som i Kulturminne i Sveio (side 134) er vurdert som eit verdifullt kulturmiljø til sjø

Sjølv om Sveio kyrkja har kulturhistorisk verdi er dette lite relevant for vurdering av gravminner mv på Sveio sentrum gravplass. Den nye gravplassen vart anlagt like utafor kyrkjemurane i 2012/2013.

Registrering av gravminne

Arbeidet med registrering av gravminne er i stor grad gjort av frivillige. Når det er mange som skal bidra i eit arbeid vil det vera ulike vurderingar av korleis oppdraget vert avgrensa. På nokre av

gravplassane er derfor svært mange gravminne registrert, og her under gravminne som er av nyare dato eller som fell utafor kriteria. På andre gravplassar er det eit meir avgrensa utval som er gjort. At det er registrert fleire gravminne enn dei som her vert tatt med i planen er likevel ikkje utan verdi. Registreringar vil bli tatt vare på og kan bli tatt med i anna lokalhistorisk arbeid. På to av gravplassane, Ulveraker og Framnes, vart registreringa gjort av tilsette ved kyrkjekontoret. Me mangla då lokalkunnskap og gravminna er då her i første rekkje vurdert etter kriteria som går fysisk fram av gravminna, og ikkje t.d. vurderingar opp mot personalhistorie. Ved enkelte av gravplassane som det vart gjort registreringar på er det få eldre graver, mellom anna Nordskog.

Ved vurderingar for kva gravminne som skal vernast og kva gravminne som kan slettast er det både gjort vurderingar av det enkelte gravminne samt kva andre gravminne som vert føreslått verna, både på denne gravplassen og i kommunen elles.

Gravminner som skal vernast:

Nedanfor vil det bli gitt ei oversikt over kva graver som er aktuell for vern, sortert på den enkelte gravplass.

Valen

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1685. Men det ligg og føre informasjon om at kyrkjestad og gravplass var i bruk i middelalderen utan at desse opplysningane er stadfesta. Det finnes ikkje gravminne som er tidfesta til perioden før tidleg på 1900 talet.



Grav nr.	Namn	Type Gravminne	Materiale	År – Første gravlagt	Fotografi	Verdsetting Kriterie	Kommentar
01.001.04.011?	Helge Haugs-gjerd	Naturstein	Naturstein	1907		Eldre bruk av naturstein	Vil bli flytta til eigen museums-avdeling
Ikkje reg.	Reinert J. Tvedte		Stein (betong?) med innstøpt plate	1906		Alder	
	Helga Tvedte		Stein (betong?) med innstøpt plate	1916		Alder	

	Johannes Tvedte	Koss på sokkel, m/innstøpt plate	Betong/marmor	1921		Alder, særleg gravminne	Er tatt ned, vil bli sett opp igjen på Museumsavdeling
01.002.01.002	Arne Valen		Naturstein	1906		Personalhistorie – Arne Valen Pioner misjonsprest på Madagaskar	Festa
01.002.01.001	Fartein Valen		Naturstein med Bronse relieff	1952		Personalhistorie – Fartein Valen, komponist	Festa
	Jan Rommetvedt		Stein	1899			
	Jan Koren		Stein	1742		Personalhistorie	Gravminne reist av familien i 1949
01.001.05.016	Oline Valen	Steinplate som er støpt saman		1920			
01.001.05.016	Cecilie O. Gramshaug	Liten kross på fundament	Stein			Uvanleg gravminne	Flyttes til Museumsavdeling

For nokre få gravminne på Valen gravplass er vern kun aktuelt dersom gravminna vert flytta til ei eiga museumsavdeling. Dette er nødvendig for å sikra effektiv utnytting av gravplassen. Dei fleste gravminna som her er aktuelle for vern vil likevel stå på sin nåverande plass

Ulveraker

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1876



Grav nr.	Namn	Type Grav-minne	Materiale	År – Første gravlagt	Fotografi	Verdsetting Kriterie	Kommentar
	Kari Brakenes	Nedfelt	Betong m/ namneplate			Tidsepoke	
02.001.12.033	Gustav Vihovde (?)					Tidsepoke	
02.001.06.36	Brynhild L.Haugland			1938		Tidsepoke	
02.001.05.025	Martha Haugland	Mindre grav-minne m/ramme	Betong m/innstøpt plate			Tidsepoke	
02.001.09.37	Erik Johan Hope	Lite grav-minne m/ramme				Tidsepoke	
02.001.05.027	Reidar Høyland	Lite bua grav-minne på sokkel		1937		Tidsepoke	
02.001.08.029	Sara Høyland	Lite grav-minne m/ramme		1947		Tidsepoke, symbolbruk	
02.001.02.018	Erik J. Jacobsen	Plate på stativ				Alder	

02.001. 02.019	Erik Johan Jacobsen	Plate på stativ				Alder	
	Serine Knutsen	Nedfelt grav- minne m/støyp plate				Tidsepoke	
02.001. 06.026/027	Rasmus J og Sigrid P. Lie	Dobbelt grav- minne med kross Ramme framfor		1940		Sjeldan utforming	Festa
02.901. 02.003	Sofie Lindås	Nedfelt m/plate		1905/ 1917		Tidsepoke	
02.902. 11.033	Normann Olsen	Nedfelt m/plate				Tidsepoke	
02.901. 02.033	Baste Olai og Ingeborg Marie Ramsdal	Bua grav- minne med kross og symbolbr uk		1925/ 1960		Sjeldan på våre grav- plassar	
02.001. 04.24	Berent Rinden	Lite, bua Grav- minne på sokkel		1931		Symbol- bruk	
02.001. 02.008	Gunnar Rinden	Nedfelt		1920		Alder	
02.001. 09.026/027	Johannes A og Malene A Ulveraker	Høgreist obelisk på sokkel		1949/ 1953		Sjeldan på våre grav- plassar	
	Tjerand Valen	Mindre bua grav- minne		1925		Alder, skil seg ut.	

02.901. 04.033	Bernt J. Vihovde	Høgreist grav- minne m/inn- støyp namne- plate		1934		Alder	Namne- plate har skade
02.001. 09.028/029	Erik og Karine Vihovde	Lågt, litt bredt grav- minne		1949/ 1964		Inskripsjon ; «Salige er de fredsomm elige»	
02.001. 08.021/022	Johannes og Martha Viken	Lågt, litt bredt grav- minne		1948, 1964		Inskripsjon «Von om gjensyn mildnar saknet»	

Førde Nye – Ved kyrkja

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1938

Det vert ikkje gjort framlegg til vern av graver på denne gravplassen

Førde Gamle - ved sjøen

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1876




Grav nr.	Namn	Type Gravminne	Materia le	År – Første gravl agt	Fotografi	Verd- setting Kriterie	Komm- entar
04.901. 02.001 (?)	Anna Baardsen	Lita, bua plate	Støype- gods/jer n	1903		Alder og Dekor	Usikkert gravnr.

	Baard Baardsen	Obelisk (160 cm) m/inn- støpt plate i marmor	Sement	1925		Alder	
04.001. 02.009	Georg Mathias Barstad	Obelisk		1952		Særprega, Person- historie	
	veig Berge	Obelisk, tilhogd	Stein	1926		Alder	
04.001. 12.002 mfl.	Edvard Fjærtøft	Stor Familie- grav				Person- historie, sjeldan stor familiegrav	
	Jørgen Haavards holm	Høg spissa stein		1905		Person- historie	
	Sofie Vik Lille- graven	Liten spiss stein med namne- plate		1879 (?)		Alder	
	Gudmun d Røgenes	Høg, raud stein		1918		Falt i 1.verds- krigen	Minne- stein?
04.001. 02.012	Ingeborg Louise Simonsen	Høg Obelisk på funda- ment		1902		Alder	
04.001. 11.006/007	Kristoffer og Gudrun Skaalmen Sydnes	Stort gravminn e, ca. 2 meter høgt, innfeldt namnepla te		1937/ 1961		Stort særprega gravminne	

04.001. 06.016	Magnhild Særsten	Enkel marmor- plate på jernstativ		1909		Alder	
	Evange- lina Ytterhorn	Støyp- stein m/sjeldan utforming				Tittel; «Rentenist hustru»	Marmorpl ate med tittel er borte.
	Gravstein utan namn	Kross på funda- ment					

Framnes

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1916



Grav nr.	Namn	Type Gravmin- ne	Materia- le	År – Først e gravl agt	Fotografi	Verd- setting Kriterie	Komm- entar
05.001. 04.009	Gustav Framnes	Høgt spissa gravminn e		1925		Tidspoke	
05.001. 03.001/002	Knut J. og Mari Framnes	To spisse grav- minne, tett ved kvarandre		1920		Tidsepoke	
05.001. 03.008	Thorstein Framnes	Spissa grav- minne		1923		Tidsepoke	

05.002. 02.012	Hallvard Knutsen	Grav- minne med utstikk på toppen		1954		Særprega for Framnes	
?	Magnar Hovland	Lite grav- minne m/karm		1949			Ikkje registrert?
05.001. 04.006	Helene Ove	Høgt, smalt grav- minne m/innfelt namne- plate					

Bjelland

Gravplassen har vore i bruk sidan
omlag 1878



Grav nr.	Namn	Type Gravmin- ne	Materia- le	År – Først e gravl agt	Fotografi	Verd- setting Kriterie	Komm- entar
06.903. 01.004(?)	Gunny R. og Johannes R. Braatveit	Betong m/plate		1931		Eks. på tidleg død som ramma familiar	
06.905. 03.006	Svein Møller Våga	Betong m/plate		1925		Alder, skil seg ut med brunleg farge	

06.901. 07.007	Helga Serine Braatveit	Betong m/plate		1936		Alder	
	Anna Kvalvaag	Betong m/plate		1934		Alder	
	C.F. og Johanne Thorine Henriks- son	Jernplate m/innram- ming		1898/ 1927		Alder	
	Ingleiv Drange	Marmor i Betong		1925		Alder og utforming	
06.006. 18.008	Anna S. Haukås	Marmor i betong		1925		Alder, god stand	
	Johan Wilhelms en Waaga	Betong m/plate		1928		Alder og utforming	
	... Braatvedt					Særprega	Dårlig stand
06.906. 20.090	Endre Apeland	Betong- plate på stativ		1921		Særpreg, alder	
	Johannes Vaaga	Plate i bakken		1926		God stand i forhold til alder	
06.906. 20.089	Johannes Larsen Apeland	Betong, nedfelt i bakken		1921		Alder	

06.006. 21.093(?)	Nils Severin Pedersen	Nedfelt plate i bakken		1918		Alder	
	borg Serine og Johannes Aanesen Appeland	Spissa høgreist gravminn e					
	Jacob P. Braatvedt	Betong(?) m/plate		193?			
06.901. 01.002(?)	Serine Larsen Apeland			1926			
06.001. 02.004.	Sigve og Martha Dommers nes	Lite grav- minne av betong m/plate. Kross på toppen		1928		Alder, sjeldan utforming	

Eikeland Nye

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1958

Det vert ikkje gjort framlegg til vern av graver på denne gravplassen

Eikeland Gamle



Gravplassen har vore i bruk sidan 1903. Ved Eikeland Gamle gravplass vil vi leggja til rette for vern av gravplassen i sin heilhet. Me føreslår at alle gravminner vert verna og dei som er av relativt ny dato. Me vil då få eit bilde av utviklinga frå tidleg på 1900 talet og fram til rundt 1970. Gjerde, port mv. vil og vera med på gi eit tidsbilete frå midten av 1900 talet då dette var oppgradert.

Det er pr. i dag høve til å setja ned urner i nye/ledige graver på gravplassen. I samband med dette må vi då ta stilling til om det skal setjast krav til gravminne som vert sett opp på ev. nye graver. Det kan t.d. setjast krav om gjenbruk av gravminner frå same tidsepoke eller det kan setjast strengare krav til utforming av ev. nye gravminne.

I tillegg til at me vernar gravplassen som ein heilhet vil me her spesifikt nemna desse gravminna som er registrerte;



3Eikeland Gamle

Grav nr.	Namn	Type Gravminne Materiale	År – Først e gravl agt	Fotografi	Verd- setting Kriterie	Komm- entar
08.001. 01.014	Christian Føina Jacobsen	Jernkarm	1909		Dekor	
08.001. 05.012	Gregorius Egeland	Stein med namneplate	1924/ 1929		Person- historie	
08.001. 10.009	Bertha Kristine og Gustav Theodor Økland		1954/ 1973			
08.001. 10.002	Hans Olsen	Stein m/karm	1956		Person historie	

08.002. 01.021 08.901. 04.018	Jacob Johannes Solberg	To små steinar i betong	1917- 1922			To barn med namn Jacob Johannes
08.001. 05.001/002	Borghild V. og Jacob Johannes Jacobsen	Stein,. Karm med heller innanfor	1933/ 1941		Person historie	
08.001. 06.006/007	Johan og Larsine Mjånes	Stein, karm i forkant	1938/ 1955		Person- historie	
08.001. 05.003	Konstantin og Eli Jacobsen	Stein, heller	1939/ 1954		Person- historie	
08.001. 09.007	Martin P Mjånes	Stein	1950		Person- historie	
08.001. 09.005	Ole Sætre	Spesiell stein/steinplate	1952		Særprega gravminne	
08.001. 09.003	Ole Vestvik	Stein	1952		Person- historie	
08.901. 03.009	Reinert Mjånes	Stein/betong m/karm	1914		Person- historie	
08.901. 08.018	Torger og Serine Fagerland	Stein	1920/ 52		Særprega	

Nordskog

Gravplassen har vore i bruk sidan omlag 1944.

Det vert ikkje gjort framlegg til vern av graver på denne gravplassen

Sveio Nye

Gravplassen har vore i bruk sidan 1972.

Det vert ikkje gjort framlegg til vern av graver på denne gravplassen



Sveio Gamle

Gravplassen har vore i bruk sidan 1899.

Grav nr.	Namn	Type Gravminne Materiale	År – Først e gravl agt	Fotografi	Verd- setting Kriterie	Komm- entar
11.004. 06.003	Martha E. og Karl Birkeland	Jernplate, betong, singel innramma	1937		Spesiell inn- gjerding, dekor	
11.004. 03.021/022	Lars og Cisellie Birkeland	Betong, høgt smalt minnesmerke med innstøpt plate	1932/ 33		Tidsepoke, sjeldan inskripsjon	Utan årstal på minnes- merke
11.004. 01.005	Ragna Bua	Mindre minnesmerke i betong, innstøpt plate	1928		Tidsepoke, god stand	
11.002. 03.022	H.Th. Dommers- nes	Rammegrav med eit lite minnesmerke i betong, innstøpt plate	1945		Tittel; Fane- junker	

11.003. 01.019	A. Eritsland		1920		Tittel; Fane- junker, gamal grav	
?	Lovise Lokna Nilsen	Lita Steinplate	1922		alder	
11.001. 01.017	Absalon Eritsland Nordskog	Betong m/plate Rammegrav	1929		Alder, dekor	
	Karla Wegner Simonsen	Rammegrav			Rammegra v som er i god stand	
11.004. 05.002	Lina Reiersen Sørevaage	Betong	1939		God stand	(ifølge registeret er namnet; Eli Oline Sørevaage)
11.004. 05.001	Steffen Reiersen Sørevaage	Betong	1935		God stand	
?	Inger Malen Johannes- sen og Daniel Johan Tjernagel	To steinar m/marmorplate	1928			
	Marie, Ole mfl. Torgersen					Familie- grav
11.903. 01.014	Halvorine Eli Tvedt	Spissa gravminne, betong m/innstøpt plate, ramme framom	1920		Alder	
11.003. 06 009	Theodor Tveit Tordis Tveit	Enkel Steinplate	1927			Far og dotter i same grav

11.003. 06.024	Johanna Tveitastøl	Høgreist gravminne, med karm framom	1923		Alder, dekor	
?	Thorbjørn og Maia(?) Østvik Vikse	Bredt dobbelt gravminne med spesiell dekor	1938		Dekor, utforming	Tittel; Lærer
11.023. 02.011	Casper og Gurine Jacobsen Wierdal	Svart stein	1921/ 1948		Historia: Omkom med s/s Salina's forlis Fortel om historisk hending	
11.001. 05.003	Knut K. Sveen	Skiferhelle i bakken	1919		Særmerka stor helle	

Sveio Sentrum

Gravplassen har vore i bruk sidan 1913.

Det vert ikkje gjort framlegg til vern av graver på denne gravplassen

Gravminne som er i festar sitt eige:

Av dei gravminna som vert foreslått til vern er dei aller fleste ikkje lenger betalt feste for. Totalt sett er det 35 gravminne som framleis er festa, inkludert alle på Eikeland Gamle. Me vil ta kontakt med festarar for ein dialog om vern. Det tas sikte på å inngå avtale med aktuelle festarar om vern. (Sjå vedlagt utkast til avtale)



4Bjelland

Konsekvensar av plan

For forvaltninga av gravplassen vil denne planen vera til hjelp for vidare forvaltning av gravplassen. Den vil sikra at ein del eldre ikkje festa graver/gravminne vert tatt vare på, samtidig som ein kan fjerna andre. Dette vil gje rom for gjenbruk av graver og letta vedlikehaldet av gravplassane.

Vern av eit utval gravminne vil sikra at eit utval gravminne som viser stil, epoke samt enkelte graver som har personalhistorisk verdi vert tatt vare på.

Vern vil samtidig ikkje vera ein garanti for at verna gravminne vert tatt tilstrekkeleg godt vare på. Fellesrådet har ikkje midlar tilgjengeleg for vedlikehald av desse gravminna. Ev. vedlikehald og restaurering av gravminne må derfor sikrast finansiering frå anna hald. Restaurering og vedlikehald kan det og vera aktuelt å gjera i samarbeid med frivillige, enten enkeltpersonar eller lag og foreiningar.

Fellesrådet vil samtidig overta festar sitt ansvar for å sikre gravminna mot at dei t.d. kan skade besøkjande ved å vera veltefarlege mv. Fellesrådet vil som ein del av vedlikehaldet av gravplassane slå gras mv. rundt gravminna men vil ikkje ta ansvar for ev. plantefelt. Skulle nærstående/festar eller andre ha ønske om å vedlikehalde eit plantefelt vil det kunne gjerast avtale om det. I motsett fall vil det vera gras framfor gravminna.

Økonomi

Vern av graver kan ha innverknad på om fester vert fornya. Ut frå framlegget til vern vil det vera relativt få graver som er festa. Fråfall av inntekter vil sannsynlegvis berre dreia seg rundt 2-3000 kroner i året.

På Eikeland Gamle er det pr. 2022 totalt 19 graver som er festa. Konsekvensane av å verna gravplassen i sin heilhet vil her kunne gje ytterlegare reduksjon i inntekter på omlag kr. 1000,- /år. Dette då me her tek med fleire graver enn dei som er føreslått verna ut frå ei individuelle vurdering av gravminna.

Reduksjon i inntekter pga. færre gravfeste vil likevel vera mindre enn fordelane me oppnår med å kunne fjerna ein del gravminne.

Rullering av plan

Ein slik plan som dette er meint å gi varig vern for dei gravminna som vert tatt inn i planen. Over tid kan me ikkje utelukke at det er behov for endringar i planen. Det må derfor gjerast vurderingar undervegs når festa graver vert sletta. Er eit gravminne aktuelt for vurdering av vern må det vurderast å ta det inn i planen ved eit seinare høve. Det kan vera naturleg å gjer ei rullering av planen ved jamne mellomrom, t.d. ved 5-10 års intervall.



Førde Gamle (Ved Sjøen)

Involvering

Frivillige har vore invitert til å vera med i arbeidet. Hausten 2020 var det eit informasjonsmøte før det vart starta med registrering. Ved avslutning av planarbeidet vart det igjen invitert til eit felles møte med dei frivillige rundt vurderingane og konklusjonane i planen. Planen vil og bli sendt ut til høyring blant aktuelle instansar og interesserte.

Festerar vil bli kontakta særskilt. Det vil bli inngått avtale med kvar enkelt festar/gravansvarleg.

Behandling av plan

Planen var oppe til behandling i Sveio Kyrkjelege Fellesråd 24.11.22, sak 17/2022. Det er gjort nokre små endringar i forhold til punkt som Fellesrådet påpeika.

Planen har vore ute på høyring med høyringsfrist 15.2.2023. Høyringsinstansar var Kulturminnemyndigheten i fylket, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark samt Sveio kommune. Planutkast vart og lagt fram for open høyring. Statsforvaltaren kom med nokre høyringsinnspel som nå er innarbeida i planen.

Plan vert nå lagt fram for endeleg vedtak i Sveio kyrkjelege Fellesråd, i møte 21.02.2023.

Vern må vidare innarbeidast i vedtektene for gravplassane i Sveio. Endra vedtekter må vedtas av Sveio kyrkjelege Fellesråd og deretter leggst fram for Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for godkjenning.

Sveio, 16.02.2023

Ellen Tveit
Kulturkonsulent

Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Dagfinn F. Bjørge
Arbeidsleiar

Vedlegg:

Avtale om vern av gravminne vedgravplass

Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 18 og Forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplassforskrifta) § 27 gir heimel til å definera gravminne som verneverdige, samt å lage vedtekter som sikrar at desse vert verna.

Gravminne på grav nr..... er definert som verneverdig i Sveio Kyrkjelege Fellesråd sin verneplan for gravplassar, datert...../.....2022

Følgande avtale vert inngått mellom festar og gravplassforvaltninga i Sveio.

- Vern av gravminne og gravutstyr skal ikkje vera til hinder for vidare bruk av gravstaden, men gravplassforvaltninga kan be om urnegravferd der omsyn til vernet er i konflikt med kistegravferd.
- Gravminne eller gravminneutstyr skal ikkje fjernast eller erstattast. Når festeavtalen opphøyrer vert gravminne og gravutstyret overtatt av gravplassforvaltninga.
- Tilføyning av namn skal godkjennast av gravplassforvaltninga
- I dei tilfelle der gravminne si tekstflate er full vert det gitt høve til(*nedsetting av eiga namneplate i plantefeltet/bruk av baksida*) .
- Konkret godkjenning skal gjerast av gravplassforvaltninga.

Bilde:

Dato/stad:

Signatur:

Kyrkjevevje

Festar

Ev. merknad: